

**Referat frå styremøte i OSG og planleggingsmøte saman med Akershus og Hedmark Sau og Geit vedrørende felles årsmøte og seminarhelg. Møtet vart halde på Quality Hotel Strand på Gjøvik 4. november 2015.**

**Deltakarar: Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleenet, Ellen Marie Sørungård Syse, Bjørn Even Stenberg og Berit Leine Kaltoft stilte som vara for Tore Krogsveen.**

**For Akershus Sau og Geit møtte Håvard Semb, Jens Ola Lundstad og Cathinka Kjelstrup. For Hedmark Sau og Geit møtte Martin Mostue og Eva Linn Hove Bergset. Disse 5 var med under sak 49, som vi byrja med. Etterpå var det felles lunch.**

## Sakliste:

### Sak 48/2015: Referatsaker

- a) Referat frå styremøte 24/08 2015 vart godkjent med merknad om at siste delen i referatet i sak 44/2015 skulle strykast. Dette er gjort og fjerna frå protokollen.
- b) Representantskapsmøte i NSG, Arnfinn og Pål orienterte.
  - Leiar i NSG, Tone Våg, vart vald til ordførar i Snåsa i haust. Ho orienterte om at ho ville halda fram i tillitsvervet og at ho og styret i NSG ville dela på nokre av arbeidsoppgåvene framover.
  - Det vart orientert om jordbruksavtala 2015 og komande avtaler m.o.t. til produksjonstilskot framover.
  - Det vart orientert om og varsla om revisjon av NSG sine lagslover ved neste landsmøte. Medlemskontingenten vart òg grundig drøfta. Her er spørsmåla storleiken og færre kategoriar.
  - Beitesesongen 2015 m/enkeltsaker vart lagt fram med både dei store og viktige sakene og enkeltsaker frå dei einskilde fylka.
  - Så var det som vanleg orientering frå valnemnda, råda og fylkeslagas time.
- c) Orientering om arbeidet og trykkinga av program for NM i bruk av gjetarhund. Programmet vart vel motteke, men det vart noko ekstrarbeid. Styret vedtok at vi skulle senda ein faktura på kr. 5.000,- til arrangementet dersom det går i overskot.
- d) Sponsoravtala er lagt på vent til neste år. Nortura er hovudsponsor for 2015, og styret er samde med representantar frå Nortura SA og Furuseth AS om at alle vil arbeida for eit felles mål med eit fysisk møte i saka tidleg neste år.
- e) På leiarmøte mellom OSG, OB og OBS vart bl.a. lammetilskotsaka i forhold til artiklar på heimesida til OSG diskutert. Både OSG og NSG er einige i innhaldet i artiklane, medan Bondelagt vil ha dei fjerna. Styret i OSG vedtok at ein måtte leggja denne saka bak seg ved å seia at laga må nå verta einige i om at dei er ueinige i denne saka. Styret i OSG vil arbeida for å få vald inn sauehaldarar i styret i OB og NB.
- f) Det kan nå sjå ut til at vi går mot ein overproduksjon av lam i Norge. Styret i OSG er kritisk til at Innovasjon Norge støtter nyetableringar av store sauefjøs før ein ser kva resultatet av dei som allereie er sett i gang er klart. OSG vil høyra med OB og OBS om dei saman kan senda eit felles brev til sentralledda sine.
- g) Sløyfemerkingar av søyer i Oppland. Det er kome reaksjonar på kvifor Oppland har andre fargekodar for tal lam enn det som er vedteke i NSG. Svaret er at Oppland vedtok desse på årsmøte i 2009 før NSG vedtok sine i 2011 på nasjonalt plan. For å

forvirra enda meir er det i tillegg lokale beitelag både i Oppland og andre fylker som har andre kodar enn dei som er vedteke. Det er vanskeleg og nesten umogleg å få til felles praksis på dette området. Styret i OSG ser den gode nytta slipsa har og vil på det sterkaste anbefale å bruka slips. I beiteområda burde difor beiteplakatane på informasjonstavlene visa kva fargekodar som vert brukt i det einskilde området.

### **Sak 49 /2015: Årsmøte og seminar 2016:**

Avtale om spelemenn i forhold til hotellet er nå ordna. Laga betalar honoraret og hotellet står for kost og losji. Cathinka Kjelstrup lagar påmeldingsportal på heimesidene for helga.

Programmet vart diskutert og vedteke slik:

**Fredag 04/03:**

16.00: Parallelle årsmøte i Ring 41 Oppland, Ring 30 Hedmark og Romerike værering. Martin Mostue og Håvard Semb tok på seg ansvaret med å formidla dette til ringane i fylka sine.

17.30: Opning av seminaret v/fylkesleiarane.

17.35: Tema avl: Ansvarleg Hans P. Vaberg. Stein Bentstuen og eller Helge Aas er nemnt som kandidatar til innlegg. Tema er skal vera noko med utvikling av sauene i avlsbesetningar, der ein skal sjå om den teoretiske framgangen i indeksar også har ein praktisk verknad.

Oppland sine representantar, Hans P Vaberg og Kjell Ivar Bergehagen har ansvaret for dette.

19.30: Middag, bufè.

**Laurdag 05/03:**

09.00: Fylkesårsmøter i Oppland-, Akershus- og Hedmark Sau og Geit fram til lunch.

13.00: Lunch

14.00: Tema ull v/Tony Barmann, Bente Grefsrud har utstilling av ullproduksjon

15.00: a) Parallelle årsmøte Oppland Gjeterhundlag, Hedmark Gjeterhundlag og eventuelt møte i Akershus Gjeterhundnemnd.

b) Parallelt: 15.00: Kjøttproduksjon på geit og bygging av nytt fjøs v/Tåle Willerud.

15.30: Utfordringer ved sambeiting mellom sau og geit, v/Dag Lindheim, Tine

16.00: Sauens helse og velferd i ulike bygningsløsningar, v/Karianne Muri, NMBU

16.15: Kvalitetssikring av metodar for velferdsvurderingar hos sau, v/Selina Hellestveit og Sofia Lundahl, NMBU.

16.30: Etehastighet, førsøl og plassforhold v/Stine Grønmo Vik, NMBU.

17.00: Kostnadseffektive sauefjøs? v/Anne Strøm Prestvik, NILF.

17.40: Orientering om prosjektet «Ny giv» v/Nils Inge Hitland, Hordaland Sau og Geit.

19.00: Premiesamling

19.30: Festmiddag og sosialt samvær m/dansemusikk, Torvild Sveen skal spørjast om å vera toastmaster.

**Søndag 06/03:**

09.00: Slakteria sin bolk, Nortura, Nordfjordkjøtt, Furuset og Fatland vert bedd inn. Håvard Semb har ansvaret for dette.

10.00: Helse: Snylter/skurv v/Lisbeth Hektoen.

11.00: Utsjekking

11.30: Tema: Utmark v/ Erica Fjæran, Temaet må vera aktuelt for regionen her. Pål tek kontakt med Erica.

Dei 3 laga vil dela på fellesutgifter etter medlemstalet pr. 1/1 2015. Vi vart òg einige om å laga felles invitasjonsskriv til faglag, NSG, FM og andre som skal inviterast.

### **Sak 50//2015: Rovviltsaker**

- 14/10: Møte i rovviltnemnda, Arnfinn deltok. Brev sendt til Klima- og Miljødepartementet frå Mattilsynet der dei påpeikar at skadefelling ikkje verkar som tiltak. Viltkamera er positivt og godt tiltak i forhold til bestandsregistrering av rovvilt. Jervprosjektet i Oppland har eit budsjett på kr. 600.000. Det er gjeve nasjonale midlar til registrering av den «sør-norske» jervstamma.
- Antatt/dokumenterte tap av sau/lam 2015 (2014-tal i parentes, alt frå 1/1 til dags dato)
- Ulv: 68 (15)
- Jerv: 193 (181)
- Gaupe: 32 (50)
- Bjørn: 26 (30)
- Kongeørn: 15 (20)
- Freda rovvilt utan spesifisering: 5 (9)
- 15/10: Møte Lesja, Arnfinn deltok i panelet. Ellen Marie, Pål og Anne Kari deltok på møtet. Kring 250 møtte, Arnfinn fekk invitasjon frå Sundtoft til møte i Oslo. Arnfinn har bede med OB, OBS og Per Fosshheim frå FKT-prosjektet til møtet.
- Erstatningssøknaden – Det vart utarbeida ein eigen rapport i sauekontrollen av Animalia. i siste liten før søknadsfristen. Pål har vore med i prosessen med fyrst å nekta saksbehandlarar og Miljødirektoratet fri tilgang til alle data i sauekontrollen, og i neste omgang laga ein rapport der berre nødvendige opplysningar om individ og besetning er med.
- 02/11: Møte med Lunde angående ulv, Pål deltok frå NSG og orienterte om dette.
- 02/11 og 03/11: Møte på Otta og Lærdal m/bl.a Sundtoft, der temaet var jerv. Arnfinn deltok med innlegg på baae stadar. Ministeren heldt på at lisensfelling framleis skulle vera hovudverkemiddelet i bestandsreguleringa. Ho vedgjekk at nasjonalparkar var ei utfordring m.o.t. regelverk omkring bl.a. scooterkjøring. Ho ville ha betre og raskare dialog i staden for å skriva brev til kvarandre. Lars Gangsås i SNO stod på at ei jervyngling pr. definisjon var 6,4 individ, medan Rein Arne Golf, SNO i region 1, ville leggja inn trekkrutene til jerven på kart, for å peika ut gode plassar for jakt på åte.
- Det er i år levert inn 293 søknadar om rovviltterstatning mot 327 i 2014 og 447 i 2013. Vi fryktar at fleire vel og ikkje søkja om erstatning. Det er søkt om erstatning av 5894 dyr i 2015 mot 6150 i 2014, alle tal i følgje FM sine heimesider.
- 10/11 er det møte om ulv på Rudshøgda.
- Anne Kari og Pål nemnte dømer på at SNO/rovviltkontaktar gjer ein heller dårleg jobb. Fleire beitebrukarar manglar rapportar etter skader og fleire rapportar er mangelfulle eller direkte feilskrivne. I tillegg har ikkje personellet reagert nok på meldingar om observasjon av bjørn og ulv. Ellen peika på den mangelfulle bemanninga av SNO. Arnfinn vil ta med seg dette på evalueringsmøte seinare i haust.

### **Sak 51/2015: Gjetarhundsaker:**

Arrangementet vart svært vellykka. Dei var heldige med veret og attendemeldingar frå deltakarane var positive. Karin Mattson med hunden Trim vann NM i bruk av gjetarhund, medan Jan Briskeby med Boss vart beste opplending på 10. plass. NM-komiteen skal ha eit evalueringsmøte seinare i haust.

### **Sak 52/2015: Avlssaker:**

Kåringa 2015 har etter rapportane våre gått heilt greitt. 986 verar er i følgje sauavl.nsg.no kåra i Oppland i 2015 mot 1014 i 2014. Det vart kåra 673 NKS, 88 kvit spæl, 15 suffolk, 63

pelssau, 2 gmlnorsk sau, 101 gmlnorsk spæl, 19 blæset, 13 farga spæl, 2 charollais, 5 rygja og 5 nor-x. Ring 41/avslutvalget har møte med avdelingane 11/11 i Øyer.

**Sak 53/2015: Geitesaker:**

Tine har føreslege nytt forholdstal for geitemjølkkvotene nedsett til 97 %. Dette vert diskutert i organisasjonen og NSG har kome med innspel i saka.

**Sak 54/2015: Sekretæravtale:**

Denne saka, som vart utsett på førre styremøte, hadde der sak nr. 46/2015. Styret vart einige om ei etterbetaling på kr. 40.000 for 2015, kr. 20.000 frå fylkeslaget og kr. 20.000 frå radiobjøllelaget. Dette skal bakast inn i den faste lønna i ei ny sekretæravtale for 2016.

**Sak 55/2015: Eventuelt:**

Arnfinn ville at vi skulle varsle valkomiteen om at dei skulle byrja arbeidet sitt. I styret er Arnfinn, Ellen og Tore på val.

Gjøvik 04/11 2015, Pål Kjørstad, sekretær